Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. til nr. 7 Herad: Granvin

Emne: Um skav Bygdelag: —

Oppskr. av: Jon Haukanes d.e. 85 år Gard: Haukanes

(adresse): Folkedal G.nr. 124 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Eg hev aldri høyrt at det var betalt meir for ei kyr som hadde ete skav enn for ei som ikkje hadde ete det. Heller ikkje høyrt at skavet skulde gjera kjøtet svart.

Men eg finn det truleg at ei kyr som eter skav av ask eller raun, er meir fri for mangelsjukdomar, som i notidi er ei plaga i mangein buskap. Eg hev
2 havt buskap med fleire kyr, som altid fekk noko skav um vintrane, og aldri var kyrne plaga av mangelsjukdom. Eg hadde og askelauv til kyrne um vintrane; bjørkelauv åt sauena, som og fekk skav.

Eg meinar det er ei feil ved notids føring med langt storvakse høy på kraftig gjødsla eng, av fast og flytande, og
3 med ei mengd med kunsthevd pr. mål, utan at kyrna får korkje skav eller askelauv. Det kan gå nokon år, so melder mangelsykja seg, med mjelkefeber for dei beste mjølkarane. Serleg galt for dei kyr som (ikkje) går i fjellbeite.

På desse kantar skov dei berre ask og raun; der dette vantar, skov dei gjerne ~~hos~~ nedhogne aplar og osp. Ospeskavet

11064

galt å vera lite feitt og gav tynn mjølk.
Hev ikkje høyrt at mjølk av skav
3 var fårleg for kalvane. Eg hev ale uppkalvar
frå umlag 1890, og alle kalvar fekk mjølk
av kyr som åt skav, utan at eg minnest
eit einaste uhell av den grunn.
Tyrr skov dei som regel kvar vinter,
småskavet til sauen, og det større til kyr.
4 Ein mann kunde nok greia å skava til for
åt 1 kyr um vinteren; men skavet delt
millom alle kuer i buskapen.
Til mindre skav brukte ein ein
almindeleg ljå frå slåtten — ein stuttorv-
ljå, umvara med ty ved tjoet  . Ein
sette skavljåen av mot ein trestokk 
med inskjeringar, so ljåen stod fast.
denne trestok var spikra fast til ein staur
som var festa til ein bjelke; eller di slo
stykket fast til eit hydna i storasengi
i daglegstovo. Ein drog kjeppen med vinstre hand.
Til større skavbrandar brukte dei
eit anna kvesse; enten ein bandekniv
dei smidde tunnebånd med  hand-
tak i kvar ende av kniven. Eller ein tok ein
5 avbroten langorv og sette eit skaft på ljåen
i den tjukke enden av ljåen. Smalenden
av ljåen røyra dei rundt med gamalt
ty, so ein ikkje skulde skjera seg av ljåen.
Men der var og dei som hadde skaft
i båe endar av ljåen.  Den
slags skavljå var vel 6-8 tommar lang
og skafti ein 6 tommar.
Nokon skavl var ikkje i bruk
ved skaving av mork (ask eller rogn), og
den var og uhøveleg til det bruk.

11064

Um Skav Skavljåen her var rett og kunde ikkje
6 brukast til skava or med, t. d. or aksa
eller austkjerald, (ausfat) o. l.
Stauen som var bruka til små-
skaving inne i stova, var ikkje bruka
til noko anna. Til bandastaka uebrukeleg.
Ved skaving av store skjevlar
la dei desse i ein sagekrakk under skavingi.
Ein mann greidde seg då åleine, han
kunde både halda skjevelen og snu den
rundt som han vilde.
Her i bygdi her umlag alle gardar
7 skavskog. Um kjøp eller leiga av den
slags skog er ukjend.
Ved utskifting av skog, vart
skavskog og hasleskog (bandaskog) sett
8 høgre i taket em t. d. tind og arr.
Husmannen fekk som regel tilvist
markaskog av husbonden, um han bad
9-10 um det.
I almenning kjenner eg ikkje til
at nokon skav.
Ordet skavhedla her eg ikkje høyrt.
At nissen eller gardsvoren var ute med
sine spikk, um dei skav stygt, er ukjendt.

11064